



Herleif Kåre Tvedt
Reikeråsvegen 140
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1857 - 16/19113

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2016

Registrert lekkasje på slamavskiljar - gbnr 25/2 Tveit nedre.

Lindås kommune har 07.06.2016 motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport om lekkasje frå slamavskiljar på gbnr 25/2. Det er opplyst at dette gjeld bustad med adresse Reikeråsvegen 141.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Skaden må reparerast, eventuelt må slamavskiljaren skiftast ut.

Kommunen har ingen opplysningar om avlaupsanlegget på eigedomen. Vi ber difor om tilbakemelding på kor stor slamavskiljaren er, type slamavskiljar (plast/betong) og kor utsleppet frå slamavskiljaren vert ført (terreng, sandfilteranlegg eller anna), før vi vurderer om det er naudsynt å setja ytterlegare krav om oppgradering av avlaupsanlegget på eigedomen.

Frist for tilbakemelding vert sett til 1. august 2016. Endeleg avklaring av krav til oppgradering/repasjon av avlaupsanlegget, med frist for gjennomføring, vert sett når tilbakemelding er motteke.

Tilbakemelding sender du til:

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing



Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Herleif Kåre Tvedt

Reikeråsvegen 140 5913

EIKANGERVÅG